

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga  
 Sak nr.: 16/4887-2

## **Fornya konsesjon på Førde lufthamn, Bringeland - fråsegn**

### **Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding: Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane tilrår at Avinor AS får fornya konsesjon til å eige og drive Førde lufthamn, Bringeland, slik det er søkt om.

#### Vedlegg:

Høyringsbrev frå Luftfartstilsynet

Andre dokument som ikkje ligg ved:

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

#### Grunnen for at saka er fremja

Avinor AS har søkt Luftfartstilsynet om fornying av konsesjon for å drive og eige Førde lufthamn, Bringeland. Avinor fekk konsesjon til å drive og eige Førde lufthamn, Bringeland, 20.12.2006. Konsesjonen gjaldt for 10 år, fram til og med 20.12. 2016. Høyringsfrist er 10. september 2016.

#### Sentrale problemstillingar

Avinor AS opplyser i sin søknad at Førde lufthamn hovudsakleg vert nytta til regelbunden dagleg ruteflyging til og frå andre flyplassar i det lokale flyplassnettet på Vestlandet, inkl. Bergen, samt til Oslo. I dag er det Widerøe som er operatør på desse flygingane. Lufthamna har også allmennflyging, ambulansflyging og helikopterflyging på dagleg basis, samt charter- og skuleflyging på vekebasis.

Talet på flyrørslar kvart år mellom 2010 og 2013 har vore nokolunde stabilt på rundt 7.000. I 2014 var talet på flyrørslar over 8.000. Avinor AS har sett fram ei prognose på 8.200 flyrørslar per år innan 2040.

#### Andre opplysningar

Alle som vil starte opp, drive eller eige ein landingsplass skal som hovudregel ha konsesjon, jf. lov av 11. juni 1993 nr. 101 om luftfart (luftfartslova) § 7-5 første ledd. Ifølgje luftfartslova § 7-6 skal konsesjon berre bli gitt når det kan bli sameina med allmenne omsyn. Det skal hentast inn fråsegner frå kommunale og andre mynde før konsesjon vert gitt.

Vilkåret «forenlig med allmenne hensyn» er presisert i konsesjonsforskrifta § 1, bokstav b:  
 «Formålet med forskriften er:

*b) Å sikre en samfunnstjenlig luftfart og en hensiktsmessig disponering av arealer, og at vurderingen av konsesjonssøknader skjer ut fra hensynet til miljø, helse, flysikkerhet, næringsinteresser, reguleringsplan, kulturlandskap, samt hensynet til regional utvikling og bosetting.»*

Luftfartstilsynet ber om ei vid vurdering av lufthamna si drift opp mot allmenne omsyn, med særleg vekt på dei omsyna som er tekne inn i konsesjonsforskrifta §1 bokstav b.

Høyringsinstansane er også bedne om å ta stilling til:

- Forholdet til kommunal arealplan. Ut frå det Luftfartstilsynet kan sjå, har Gaular kommune fatta vedtak 18.09.2008 om tilstrekkeleg reguleringsplan for Førde Lufthamn, Bringeland. I vedtaket er det gitt dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel. Luftfartstilsynet tolkar dette slik at ei fornying av konsesjonen for Førde lufthamn ikkje vil vera i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova.
- Forholdet til naturmangfaldlova
- Støy
- Konsesjonsvilkår

#### Konsesjonsvilkår

Trafikkomfanget for konsesjonen er avgrensa til 8200 flyrørsler per år. Luftfartstilsynet peiker på at ei flyrørsle anten er ein avgang eller ei landing med luftfartøy. Dei 8200 flyrørslene vil famna om all aktivitet på lufthamna. Dvs. kommersiell trafikk, ambulanseflygingar, skuleflygingar og andre typar GA-flygingar. Når det gjeld skuleflyging vil kvar landingsrunde (touch and go-trening) gjelde som to flyrørsler i høve trafikkramme i konsesjonen. Ramma for trafikkomfanget er absolutt. Dersom det i løpet av konsesjonsperioden er aktuelt med eit høgare tal flyrørsler, må konsesjonen først endrast.

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

I denne saka vil fylkesrådmannen først og fremst vurdere konsesjonen i høve til regional utvikling og busetting.

I møte 09.12.14, sak 51/14 handsama FT sak om analyse av lufthamnstrukturen på kortbanenettet. I si fråsegn peika FT m.a. på at riks- og fylkesvegnettet langt i frå er godt nok utbetra til at det kan nyttast som argumentasjon for nedlegging av flyplassar i Sogn og Fjordane utan at det medfører store ulemper for dei reisande/brukarane. Ei nedlegging av 1 eller 2 lufthamner i Sogn og Fjordane vil føre til avgjerande store ulemper for næringslivet, kommunar og regionale statsetatar gjennom lengre reisetid og mindre moglegheiter for å oppretthalde aktivitet i fylket. Næringslivet er heilt avhengig av flyplassane for å vere lokaliserte i fylket. Kontakt med marknad og samarbeidspartar er avgjerande for aktiviteten. Flyplassane er ein viktig del av drifta, og er ein føresetnad for å redusere konkurranseulempene.

Det er avgjerande for lokalt næringsliv i Sogn og Fjordane å ha tilgang til ei effektiv flyteneste. Næringslivet i fylket er eksportretta, dessutan har ikkje fylket store tettstadar som kan tilby eit fullstendig og variert tilbod av viktige tenester. Det er difor avhengig av raske transportmiddel for å få henta inn slike tenester på ein effektiv måte. Både lokalt næringsliv og offentleg administrasjonen har såleis heile tida bruk for rask transport over lengre avstandar, noko berre eit flytilbod kan gje på tilfredsstillande vis.

Dersom Avinor ikkje skulle få fornya konsesjon til å drive og eige Førde lufthamn, Bringeland, vil dette få store negative konsekvensar for lokalt næringsliv, kommunar og regionale statsetatar. Alle desse er avhengige av ei godt fungerande lufthamn i sitt nærrområde for å unngå store avstandsurempar og lang reisetid.

## **3. Konklusjon**

Fylkestinget i Sogn og Fjordane har ved fleire høve peika på kor viktig det er å oppretthalde dei fire flyplassane i Sogn og Fjordane. Flyplassane er viktige både for næringslivet, det offentlege og andre reisande til/frå Sogn og Fjordane. Fylkesrådmannen vil tilrå at Avinor AS får fornya konsesjonen til å drive og eige Førde lufthamn, Bringeland.